

BUDSJETTFRAMLEGG OG ØKONOMIPLAN 2024

Kommentarar frå kultureininga:

Budsjettet til kultureininga, ansvar 4000,4200, 4300, er svært stramt, men vi har respekt for budsjettstrammene og håpar på at 2024 like vel vert eit godt år for kulturlivet i Austrheim kommune. Vi har knappe ressursar til tilsette, og ser at viktig arbeid vi vert del av på tvers av organisasjonen gjer til at vi ikkje får utført oppgåver vi har planlagt. Vi tek også del i fleire felles prosjekt (nabokommunar/fylket) som vi får tilskot til, og som vi må levere på. Stort sett har vi budsjett berre til faste utgifter som løn, lisensar, avtaler og lokale, og skal vi ha aktivitet og utvikling må vi hente midlar via tilskot frå andre aktørar.

Pkt 14 i budsjettframlegget:

14. Austrheim kommune gjev driftstilskot til følgjande organisasjonar:

 - a. Austrheim Kyrkjelege Fellesråd kr 3 570 000,-
 - b. Austrheim Frivilligsentral kr 378 384,- (ekskl. statstilskot)
 - c. Austrheim ungdomsklubb kr 1 090 284,-
 - d. TV-aksjonen kr 30 000,-

Austrheim Ungdomsklubb, ansvar 4200 teneste 2311 er finansiert med løn til 25% klubbleiar og bruk av lokalet Ungdommens hus. Austrheim Ungdomsklubb er medlem i organisasjonen Ungdom og Fritid.

Det er feil at vi gjer tilskot på kr 1090 284 til Austrheim ungdomsklubb som organisasjon.

Det må rettast til kr 239 676

Austrheim Ungdomsklubb, teneste 2311 , budsjett 2024 kr 239 676

Tiltak		2311- AUSTRHEIM UNGDOMSKLU...
► Opphavleg budsjett		202 899
► Konsekvensjusteringar		36 777
Budsjettramme - Kommunedirektøren si...		239 676
Detaljbudsjett		239 676
Differanse øk.plan og detaljbudsjett		0

Ungdomskoordinator er tilsett i tiltak barn og unge 4200 teneste 2310, og har mange oppgåver i organisasjonen Austrheim kommune: sekretær for Ungdomsrådet, Barnerepresentant, koordinator for kulturtildeling for barn og unge i kultureininga. I tillegg er ho med i: MOT-arbeidet, Ung-data, folkehelsegruppa, trafikksikringsgruppa, spelemidlar, mm. Dette er ordinære driftsmidlar til ein kommune og ikkje tilskot til ein organisasjon.

Punkt under «skildring av» står det rett skilje mellom teneste 2310 og 2311:

kulturavdeling med ansvar for bibliotek, tiltak barn og unge, ungdomsklubb, kulturtiltak og kulturtilbod og idrettshall.

Punkt under «kultureininga» står det rett kva oppgåver ungdomskoordinator har.

Under Oppvekst og kultur

PRIORITERTE OMRÅDER 2024

- **FIFA-plan** (Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv), **kulturminneplan** .

Kulturmiljøplanen er vedteke i 2023 og skal ikkje vere med på lista i 2024.

Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skal **ikkje ha tittel FIFA-plan**. Det er ikkje ein idrettsplan, og det er langt meir enn fotball denne planen skal leggje vekt på. Ber om at omgrepet FIFA ikkje vert brukt om ein viktig plan for all fysisk aktivitet for alle innbyggjarar i Austrheim kommune.

6. november 2023

Kari Torkildsen Utkilen

einingsleiar kultur

Austrheim kommune